



# NORSK MÅLUNGDOM

Pb 285 Sentrum, 0103 Oslo

Tlf: 23 00 29 40

Telefaks 23 00 29 31

E-post: [nmu@nynorsk.no](mailto:nmu@nynorsk.no)

Nettstad: [www.nynorsk.no](http://www.nynorsk.no)

Det Kongelege Barne- og Likestillingsdepartementet  
Barne- og ungdomsavdelingen  
v/sakshandsamar Elin Kjeldstadli Hatlestad  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

BARN	Føretaksnummer	958 451
	Bankkonto:	3450.07.05029
		435-0
Dato:		17/8-09
Saksnr:		2009/02327-030

Oslo, 18. august 2009

## HØYRINGSFRÅSEGN TIL ENDRING AV «FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL FRIVILLIGE BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONER»

Me viser med dette til det fyrste av dei fire framlegga til endring av *Forskrift om tilskudd til frivillige barne- og ungdomsorganisasjoner* i høyringsbrevet av 25. juni. Gjennom ei utviding av fyrste ledd av § 2, opnar framlegget for «[forskjellsbehandling] som er nødvendig for å oppnå et saklig formål, og som ikke er uforholdsmessig inngripende overfor den eller de som forskjellsbehandles». Norsk Målungdom meiner at forslaget av fleire grunnar er problematisk, og vil på det sterkaste fråråda at den føreslegne teksten vert teken inn i forskrifta.


Framlegget er formulert slik at det kan opna for mange ulike tolkingar av kva «sakleg», ikkje «uforholdsmessig inngripande» skilnadshandsaming består i. Dersom Fordelingsutvalet får i oppgåve å fortolka og forsvara vedtak fatta med heimel i det nye tillegget, vil dette medføra eit betydeleg meirarbeid, og uvisse rundt kva kriterium som faktisk er gjeldande for å motta stønad. Norsk Målungdom vil heller ha det svart på kvitt dersom departementet opnar for statsfinansiert skilnadshandsaming i barne- og ungdomsorganisasjonane.

Fordelingsutvalet er sett til å fordela statsstønad ut frå ei rekkje kriterium, og likehandsaming og -stilling er nokre av krava barne- og ungdomsorganisasjonane må forholde seg til dersom dei ynskjer å motta stønad. Fordelingsutvalet valde å fråkjenna Frelsesarmeens Barn og Unge (FABU) statsstønad i desember 2008, med grunngjeving i at homofile ikkje kan ha verv i organisasjonen. Dette vekte sterke reaksjonar, og det er tydeleg at forslaget til forskriftsendring er ein direkte konsekvens av tumultane kring FABU-saka, og det er rimeleg å tru at den nye teksten er meint å opna for at Fordelingsutvalet skal kunna utøva skjøn i saker som denne.

Føremålet med forskrifta er å leggja til rette for at barne- og ungdomsorganisasjonslivet skal fungera som ein oppdragande arena som skal førebu unge på å ta del i det «verkelege» demokratiet, og som alle kan ta del i. Norsk Målungdom vil átvara departementet mot å vøla om teksten på eit vis som opnar for at forskrifta kan brukast mot sitt eige føremål; eit demokratisk og likestilt organisasjonsliv. Føremålet er å syta for at alle skal ha høve til full deltaking, og me kan ikkje stilla oss bak ei endring som kan vera til hinder for dette. Eit organ som Fordelingsutvalet er avhengig av å ha tillit mellom alle laga det arbeider med, og denne tilliten byggjer mellom anna på at alle organisasjonane som ynskjer å motta stønad, søkjer på like vilkår.

Avslutningsvis vil me peika på at me tykkjer det er uheldig at framlegget til forskriftsendring har vore på høyring med relativt kort frist om sumaren, då ungdomsorganisasjonane har nedsett kapasitet og lengre periodar utan møte i demokratiske organ.

Beste helsing,  
NORSK MÅLUNGDOM



Maria Svendsen  
*leiar*